

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 21.08.2018

**SAKSHANDSAMAR:** Kristin Pundsnes

**SAKA GJELD:** **Budsjett 2019**

**STYRESAK:** **79/18 0**

**STYREMØTE:** **30.08.2018**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Bergen HF tek gjennomgang av budsjett 2019 til orientering.

## Innleiing

Plan for framdrift og prosess for budsjett 2019 vart lagt fram for styret i mai og juni. Forslag til statsbudsjett blir lagt fram 8.oktober, og fram til dette vil budsjettarbeidet ha utgangspunkt i premisser frå regionalt helseføretak som gjennomgått i styremøte i juni. Føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold blir justert i samband med justert inntektsfordeling i regionen i november.

## Rekneskap per juli, årsprognose 2018

Som følge av innføring av ny mottaksmodell, dreining frå døgnopphald til dag- og polikliniske opphald, omstilling til meir dagkirurgi mv, var det i budsjettprosessen for 2018 fokus på strukturelle tiltak, for å optimalisere bruken av totalt tal senger i sjukehuset. Det vart gjennomført relativt omfattande tiltak vinteren 2017/2018, tiltak som sjukehuset naturleg nok må bruke tid på å tilpasse seg på alle område. Dette viste igjen i rekneskapen med negative budsjettavvik dei første månadane. Det kan sjå ut som organisasjonen no er meir tilpassa, og frå mai har rekneskapen vore marginalt betre enn budsjettert, utan at ein har sett ein auke i tal korridorsenger og/eller fristbrot. Det kan synast vanskeleg å ta inn det negative budsjettavviket frå starten av året, og føretaket melder difor ei årsprognose om lag kr. 20 mill lågare enn budsjettert.

Det er venta å sjå ytterlegare økonomisk effekt av dei iverksette tiltaka hausten 2018 samt heilårseffekt i 2019. Med dei omstillingane som har vore,, er det valt å ha ei noko anna innretting på budsjettarbeidet for 2019.

## Innretting i budsjett 2019

Budsjettarbeidet og tilpassing for 2019 er lagt opp rundt fire hovudområde., betre styring av medikamentområdet, betre styring av innkjøp varekostnad, betre og meir rett koding samt forbetningsarbeid.

- Betre styring av medikamentområdet

Sjukehuset har eit medikamentbudsjett i 2018 på i overkant av kr. 700 mill. Dette er eit område i vedvarande endring. Nye medikament blir godkjente for bruk, finansieringsansvar for nye medikament blir overført frå folketrygda til sjukehusa, rimelegare biotilsvarande medikament kjem til erstatning for dyrare medikament mv. Det er difor viktig at ein på alle nivå har fokus på dette område. For å vere så effektiv som mogleg på dette område, blir det no sett i verk følgjande tiltak:

- medikamentansvarleg lege/team på kvar eining
- styrking av ressursar til medikamentoppfølging i stabsavdelingar
- utarbeiding av retningslinjer for bruk av nye medikament samt strategi for skifte av medikament
- opplæring og informasjon
- oppfølging av lojalitet til inngåtte avtaler
- fokus på koding av medikament, særkoder

- **Betre styring av innkjøp/varekostnad**  
Det er også eit potensial for å redusere kostnad til implantat og andre forbruksvarer. Her skal det vere fokus på betre bruk av eksisterande innkjøpsavtaler og å effektivt ta i bruk nye avtaler. Tiltak som er sett i verk er:
  - styrking av innkjøpsområde frå stabsavd.
  - tettare dialog og samarbeid med Sykehusinnkjøp
  - opplæring og informasjon
- **Betre og meir rett koding**  
I haust vil ein også ha eit sterkare fokus på rutinar for koding av aktivitet og prosedyrar. All pasientaktivitet må kodast rett, fullstendig og til rett tid. Gjennomgang gir indikasjon på at det her er eit potensiale for forbetringar. Det er også venta ein positiv økonomisk effekt av dette arbeidet. Tiltak som er/blir gjennomført er:
  - auke i ressursar til kodeområdet frå stabsavd.
  - tettare oppfølging, kodeansvarlege i einingane
  - opplæring og informasjon
- **Forbetringsarbeid**  
Betre planlegging og logistikk vil gje meir effektive arbeidsprosessar på ulike område. Det er arbeid med dette tidlegare, men det er framleis potensiale for å hente positiv effekt. Dette gjeld fleire område innan både støttetenester og klinisk aktivitet. Saman med ressursar i regionalt helseføretak er gjennomført oppstartsmøte for å få trykk på avansert oppgåvebehandling i fleire poliklinikkar. Dette vil bli vidare følgt opp dei næraste vekene. Betre planlegging rundt operasjonsaktiviteten vil også ha fokus i budsjettarbeidet framover. Det blir også venta endring og positiv effekt av nye system og metodar. Automatisering, digitalisering og robotisering skal gjere det mogleg å betre arbeidsprosessar og gje betre arbeidsflyt.

### **Risikoområde framover**

Det er fleire usikre faktorar i budsjettet for 2019. Budsjetttramme som tildelast Helse Vest i statsbudsjettet er avgjerande, det same er Helse Vest si tildeling til Helse Bergen. Eventuelle endringar og tilpassingar i ISF-regelverket vil også vere avgjerande for Helse Bergen sitt budsjett for 2019. Det er ikkje gitt signal om at det her vil bli endringar i same omfang som frå 2017 til 2018, men utgjer likevel ein risikofaktor i inntekta for 2019.

På kostnadssida kan ein vente at nye medikament blir godkjende til bruk gjennom heile året. Dette kan gje økonomiske utfordringar ein ikkje no kan ta godt nok høgde for. Ein har i 2018 også sett at prisar på energi har vore svært høg. Dette er også eit av områda som vil kunne auke det økonomiske utfordringsbilete inn mot budsjett 2019. Det blir også viktig at ein føl tett utvikling i årsverk framover, for alle yrkesgrupper og for alle einingar. Ei utilsikta utvikling her vil gje utfordring i tilpassing til budsjetttrammene for 2019.